



Roald Hovden

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2312 - 16/209

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

07.01.2016

Byggesak Gbnr 73/1 Tolleshaug - søknad om løyve - flytebrygge - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 009/2016

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1, 20-2, 20-3

Adresse : **Nøtlevågen**
Tiltakshavar : Roald Hovden
Ansvarleg søker : Byggmester Dal as
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om flytting og forlenging av eksisterande flytebryggje. Eksisterande flytebryggje på 48 meter vert trekt i vestleg retning ut frå eksisterande plassering. I tillegg vert flytebryggja forlenga med 24 meter.

Det vert elles vist til søknad mottatt 30.12.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som område for småbåthamn.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Det ligg føre vedtak frå Bergen og omland havnevesen datert 01.012.2015:

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Vedtak

Med hjemmel i havne- og farvannsloven § 27 første ledd har Bergen og Omland havnevesen fattet følgende vedtak:

Det gis tillatelse til forlengelse av eksisterende flytebrygge fra 48 meter til 72 meter, på gnr-bnr 73-1, Radøy kommune, med mål og plassering som vist av inntegning i vedlagt kartutsnitt, som er stemplet godkjent av Bergen og Omland Havnevesen. Tiltaket eller bruken av dette må ikke hindre tilflott til eller annen utnyttelse av naboeiendommer.

Det presiseres at saken er behandlet utelukkende under hensyn til reglene i havne- og farvannsloven, og ikke annet regelverk. Hensynet til naboeiendommer er ikke vurdert da dette reguleres av plan- og bygningsloven som forvaltes av kommunen. Det er søkerens ansvar å avklare om tiltaket er søknadspliktig etter andre regelverk. Det kan for eksempel kreves tillatelse til tiltaket etter plan- og bygningsloven, forurensingsloven, kulturminneloven etc. Dette må søker selv avklare med vedkommende myndighet.

Søker er selv ansvarlig for å innhente nødvendig samtykke fra grunneiere og andre rettighetshavere. Privatrettslige tvister mellom partene avgjøres enten gjennom avtale eller på andre måter, for eksempel av domstolene.

Dispensasjon

Godkjenning av tiltaket synast ikkje å krevje dispensasjonar.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gnr. 72 bnr. 1 og frå styret i Dale båtlag ved brev av 17.12.2015:

Styret i Dale båtlag drøfta i møte den 13. desember 2015 nabovarsel m/kartskisse frå Nøtlevåg båtlag om forlenging av flytebryggja deira, og me gjev følgjande innstilling:

Dale båtlag er kritiske til indre del av tiltaket, fordi kartskissa viser fare for redusert avstand mellom inste utliggjær frå Nøtlevåg båtlag si bryggje og til Dale båtlag si bryggje. Dette kan låsa Dale båtlag inne og/eller forverra tilkomsten til plassane våre.

Dale båtlag krev difor at me får minst same avstand til Nøtlevåg båtlag som no. Me ønskjer synfaring og oppmåling av avstandar før Nøtlevåg båtlag startar arbeida med tiltaket.

Som grunneigarar gnr 72 bnr 1 slutter me oss til denne merknaden frå Dale Båtlag.

Det ligg føre følgjande skriv datert 27.12.2015, «enighet om oppmåling», signert for Nøtlevåg båtlag og Dale båtlag.

Som følge av nabomerknad fra Dale Båtlag 17 desember til utviding av Nøtlevåg Båtlag skal et måles opp nåværende avstand mellom bryggene til Dale båtlag og Nøtlevåg Båtlag.

Formålet er att det ikke skal bli dårligere tilkomst en det er i dag for Dale Båtlag.

Representanter for begge båtlag skal være med på oppmålinga.

Måla vert notert på vedlagt kart.

Oppmåling foretok 27.12.15, og viser 11m mellom inste utligger hjå Nøtlevåg båtlag og nest yste utligger hjå Dale båtlag.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert. Tiltaket er plassert innafor området som er definert som småbåthamn i plan.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Nabomerknad

Byggesakmynde i Radøy kommune legg til grunn at nabomerknad datert 17.12.2015 er avklart og løyst ved felles oppmåling datert 27.12.2015 og at tiltaket vert plassert slik det er vorte semje om.

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla

belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Byggmester Dal AS**, org.nr. (992 446 226), har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Betongbrygger AS**, org.nr. (989 173 227), har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering utlegging av flytebyggjer.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Betongbrygger AS**, org.nr. (989 173 227), har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring utlegging av flytebyggjer.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.12.2015 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3 vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for flytting og utlegging av flytebyggje på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Vilkår sett i løyve frå Bergen og omland havnevesen skal etterkomast.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Byggmester Dal AS, org.nr. (992 446 226),	S	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Betongbrygger AS, org.nr. (989 173 227),	L	PRO	1	Prosjektering utlegging av flytebryggjer
Betongbrygger AS, org.nr. (989 173 227),	S	UTF	1	Utføring utlegging av flytebryggjer

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.6	Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg	kr	5 600,-
Kode 11.2.7	Lokal godkjenning av ansvarsrett, kr 810,- x 1 stk.	kr	<u>810,-</u>
	Totalsum	kr	6 410,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/2312

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Roald Hovden